



Hjelmås Vvs As
Torvhusmyrane 2
5913 Eikangervåg

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/347 - 23/2257

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
06.03.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om tilknytning til kommunalt vassverk - gbnr 24/46

Administrativt vedtak. Saknr: 023/2023

Tiltakshavar: Stian Presttun
Ansvarleg søkjar: Hjelmås VVS AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tilkopling kommunalt vassverk

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning og godkjenner søknad om tilkopling til kommunalt vassverk for gbnr. 24/46 på Ådnekvam på fylgjande vilkår:

1. Tilknytingsavgift skal vera betalt før tilkopling til kommunalt vassverk.
2. Dersom det må nyttast reduksjonsventil eller er behov for trykkauke er det tiltakshavar som må ta kostnad med dette.
3. Det er tiltakshavar som er ansvarleg for at anlegget til og i huset er dimensjonert for trykket på den kommunale leidninga.
4. Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.

Hjelmås VVS vert godkjent som ansvarleg søkjar for tilknytninga.

Heimel: Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
1.1.3	Tilknytingsavgift vatn	1	25.537,50
	Totalt gebyr å betala		25.537,50

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om tilknytning til kommunalt vassverk for fritidsbustad på gbnr. 24/46 på Ådnekvam.

Fakta:

Det er tidlegare gitt løyve for oppføring av fritidsbustad på gbnr. 24/46. Fritidsbustaden skal tilkoplast kommunalt vassverk. Det er privat avlaupsanlegg i området.

Vurdering:

Søknad er iht. kommunal forskift for Masfjorden vassverk. Hjelmås VVS AS vert godkjent som ansvarleg søkjar for tiltaket. Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.

Konklusjon:

Søknad om tilknytning vert godkjent som omsøkt jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Hjelmås Vvs As

Torvhusmyrane 2 5913

Eikangervåg